

Merknadar til Detaljreguleringsplan for Lonena aust.

Viser til planframlegget for Lonena aust som er lagt ut til offentlig ettersyn.

Trafikkløysing

Lonslia, på plankartet merka som Gv1, er i dag ein blindveg bak Langheiane 10 og einebustadane øvst i bustadfeltet. Vegen går rett utanfor inngangspartiet til Langheiane 10, og bebuarar bruker vegen som tilkomstveg til eigne bodar på nedsida av inngangspartiet. Det vil seie at vi må ut på offentlig veg for å komme til våre private bodar. Dette vil vere ei stor ulempe når denne vegen er tenkt brukt til gjennomgangstrafikk, og i forkant av dette ein stor belastning med anleggstrafikk og store køyretøy forbi inngangsdøra, og støv og bråk rett inn i huset.

På kartet ser det ut som denne vegen kan utvidast. Det er ikkje mogleg. På motsett side av vegen er ein høg mur som skil einebustadar frå vegen. Dersom denne vegen skal bli offentlig gjennomfartsåre med fortau/sykkelveg og biltrafikk, vil ikkje dette vere i tråd med Veglova §29 som seier at avstand frå ein bygning til midtlinja av offentlig kommunal veg skal vere minimum 15 meter. Avstanden frå veggen i Langheiane 10 til midtlinja er 8 meter. Altså ikkje i tråd med lovverket.

Det er allereie bygd 2-felts veg med gangfelt gjennom Langheiane som er meir naturleg å bruke som hovudveg inn i det planlagde området. Eg ber om at reguleringsplanen vert endra og at denne vegen blir omgjort til hovudveg.

Skulle ein likevel ikkje finne vilje til å endre på planane ber eg innstendig om at det vert tatt omsyn til vedtak i Utval for areal, plan og miljø 09.11.2022, 139/22 punkt 2 og 5:

- Plankart og føresegner må sikra at det byggast fortau på begge sider av tilkomstvegen og avkøyrsla gjennom Lonslia til nytt bustadfelt. Forbi burettslaget ved Langheiane 10 må det òg etablerast eit gjerde mellom vegen og fortauet.
- I planarbeidet må det takast spesielt omsyn til Langheiane 10 med tanke på plassering av fortau og trafikksikkerheit.

Eg ber også om at Alver kommune og utbyggjar av Langheiane 10 finn nye løysingar for betre tilkomst til private bodar, samt ein god buffer ut mot planlagt tilkomstveg.

Buffersone mot eksisterande bustadar

Det må takast meir omsyn til eksisterande sti og natur i området mellom eksisterande bustadar i Langheiane / Lonslia. Ein buffersone på om lag 100 meter vil bevare meir av naturen for noverande og komande bebuarar og vere med på å dempe støy i utbyggingsperioden.

Nordhordland som Biosfæreområde?

UNESCO har slått fast at Nordhordland er eit biosfæreområde.

Nordhordland er valt ut som eit UNES biosfæreområde fordi regionen på ein framifrå måte kan stå som læringsområde for berekraftig utvikling. Dette er regionen som er best eigna til å representere det moderne og framtidsretta, godt rotfest i vår natur- og kulturarv: Vi er eit lite stykke Noreg (<https://nordhordlandbiosphere.no/>)

Regjeringa legg kvart fjerde år fram [nasjonale forventingar](#) til regional og kommunal planlegging for å fremje ei berekraftig utvikling i heile landet. Dette skal følgjast opp i kommunane sitt planarbeid. For perioden 2019-2023 legg Regjeringa vekt på at vi står ovafor fire store utfordringar:

- Å skape eit berekraftig velferdssamfunn.
- Å skape eit økologisk berekraftig samfunn gjennom mellom anna ein offensiv klimapolitikk og ein forsvarleg ressursforvaltning.
- Å skape eit sosialt berekraftig samfunn.
- Å skape eit trygt samfunn for alle.

Med bakgrunn i Nordhordland som biosfæreområde og Regjeringas nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging for å fremme berekraftig utvikling (jf. FNs 17 berekraftsmål), synast det verken forsvarleg, lovleg eller meiningsfylt å halde fram arbeidet med planane. Planane bør difor skrinleggast, for noverande og kommande generasjonar.

Med helsing

Vibeke Prestmo Valestrand